

EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE 3.12.1997

kl. 19³⁰ På Biblioteket

Antall møtte: 9 stk

Odd K. Ledet møtet

Sak 1: Nytt anlegg i Høyeddalen

Odd E. Oppsummerte historien bak forsløst på de gamle nye baner: Først Kleppa, så Kjølen og til sist nå Høyeddalen.

Området stjøt nå har konsentrert seg om, vurderes som egnet: det er et område som er utvannet, det er lett å få lagt fram strøm, areal til P-plasser. Areal om grunnleie er avklart: 500 kr/år, indeksregulert hvert 10. år.

Alternativet som legges fram nå, er skissert: to byggesteg a) hytte + standplass, b) en standplass til.

1. drinn: hytte + standplass. Kloss i veien.

Bjørn Erik. orienterte om de økonomiske rammene for arbeidet. Kostnadsoverslaget på det foreslåtte prosjektet er totalt ca. 800000 kr.

Utgangspunkt: Ekstraordinært årsmøte gir inn for at det foreslåtte prosjektet blir gjennomført i samsvar med de skisserte løsningene, hvis kostnadsrammen for lagets egningssett økes med mest enn 50%, skal saken vurderes as årsmøtet på nytt.
Enstemmig vedtatt.

Per Olav Kjørven

Janne Strøm

ÅRSMELDING FRA STYRET I LEIKANGER JAKT OG FISKELAG

Styret har i 1997 vore:

Leiar	Kurt Langeteig
Nestleiar	Odd Reksnes
Kasserar	Kjell Erik Strand
Sekretær	Sven Erik Vestby
Styremedlem	Nils Olav Langeteig
Jaktutval	Svein Inge Lundheim
Fiskeutval	Jan Thore Fedje

Det har vore sju styremøte og eitt ekstraordinært årsmøte i arbeidsåret.

Som i 1996 har den store saka i 1997 vore arbeidet med å få etablert ny leirduebane/lagshytte i Henjadalen. Dei føreliggjande planane går ut på å bygge ut to baner nett framom gamle-demningen. Planane har vorte godt motteke i kommunen, og alt tykkjest ligge til rette for at anlegget kan realiserast. Tidleg i desember vart det gjennomført eit ekstarordinært årsmøte der planane vart lagt fram. På møtet vart det gjort følgjande vedtak:

"Det ekstraordinære årsmøtet går inn for at det framlagde prosjektet vert gjennomført i samsvar med dei løysingane som er skissert. Dersom kostnadsramma for eigeninnsatsen for laget vert auka med meir enn 50 %, skal saka på nytt vurderast av årsmøtet."

LJF skal saman med Førde JFL og Askvoll og Holmedal LJF arrangera NM i leirdueskyting 1999. Det er utnemnt egne komitear for ulike oppgaver i samband med arrangementa. Dette er eit område som har kravt og vil krevje mykje arbeid og ein del reising til møte i Førde.

Styret har ut fra vedtaket på årsmøtet for 1996 omarbeidd nokre av vedtektene til laget. Desse vert lagt fram på årsmøtet.

Innsatsen i konkurranser har vore meir ujamn i 1997 enn i 1996. Laget hevdar seg likevel framleis bra.

Som følgje av nedgangen i laksebestandane i landet, har det vorte meir fokus på forvaltinga av småelver. Det tykkjest no som om stell og drift av Henjaelva kan kome i bedre forvalting.

Vi viser elles til oppsummeringane fra jakt- og fiskeutvalet.

I meldingsåret 1997 har Leikanger Jakt og Fiskelag hatt 85 medlemmar.

Styret

ÅRSMELDING JAKTUTVALET 1997

97-sesongen har vore ein resultatmessig tilbakegang frå 96-sesongen, som var ein svært god sesong.

Det har vore bra aktivitet på leirduebana på Kleppa i året som har gått. Det har vore trening på bana kvar tysdag og fredag frå mai til byrjinga av september. Laget har arrangert 2 dagar med open stemne, med 25 og 18 deltakarar. Kurt Langeteig vann begge stemnene med 44 treff og 50 treff.

Det var berre 11 deltakarar med på **lagsmeisterskapet** på Kleppa. Kurt Langeteig vart lagsmeister og vinnar av seniorklassaen som besto av 8 deltakarar, med 25 treff. Jegerklassen besto av 3 deltakarar, som vart vunnen av Svein Inge Moum med 19 treff.

FM-jegertrap i Årdal:

Etter finalen var fem mann like med 47 treff. Etter omskytinga vart stillinga slik: 1. Gunnar Leknes, 2. Geir Vie, 3. Oddbjørn Mulen, 4. Odd Reksnes og 5. Kurt Langeteig.

FM-Leirduesti i Askvoll/Holmedal:

Gull: Oddbjørn Mulen	43 treff
Sølv: Kurt Langeteig	42 treff
Bronse: Loyd Mandelid	41 treff

Vestlandsemeisterskapet i Jegertrap i Øystese:

Etter finalen var 3 mann like med 71 treff. Etter omskytinga vart stillinga slik:

1. Gunnar Unneland, Samnanger
2. Oddbjørn Mulen
3. Kurt Langeteig

Nils Olav Langeteig fekk 5. pr. i B-klassen.

NM-Nordisk Trap på Vestre Toten:

Leikanger JFL hadde med 9 deltakarar. Dei som fekk premie var: Olav Aarskaug nr 9 i A-klassen og sammenlagt, og Gunnar Leknes nr. 13 i A-klassen og sammenlagt.

NM-dobbeltrap på Flå:

Geir Vie fekk 3. plass.

NM-jegertrap i Trondheim:

Leikanger hadde med 3 deltakarar. Den einaste som fekk premie var Kurt Langeteig med 11. plass i A-klassen med 70 treff.

Finale Sogn og Fjordane cup i Gloppen:

Leikanger JFL hadde 5 av 12 finalistar.

Resultata vart slik: 1. Kurt Langeteig, 4. Steinar Berkvam, 5. Nils Olav Langeteig, 6. Odd Reksnes, og 11. Svein Inge Lundheim.

Utestemner:

Ca 17 skyttarar har vore med på utestemner i fylket og andre stader i landet. 3 skyttarar frå Førde, 3 frå Askvoll og Holmedal, 1 frå Luster og 1 frå Årdal har vore sidemedlemmer i Leikanger JFL for å få skyte i Nordisk Trap.

Stemnevinnarar i 1997:	Kurt Langeteig	5 stemner
	Odd Reksnes	2 stemner
	Frode Husum	1 stemne

Det vart arrangert **kurs** i "Bedre Hagleskudd" med fylkesinstruktør Per Gunnestad som instruktør. Det var med 9 deltakarar, og av desse var 8 medlemmar i Leikanger JFL. Laget dekkar utgifter til måleskjema (kr 100,-) for 7 av medlemmene. Deltakarane betalte sjølv utgifter tilskot og duer (kr 100,-). *Studieforbundet for natur og miljø* gav tilskot på kr 1660,- til dekking av div. utgifter som t.d. instruktørens reiseutgifter.

Laget står framleis uten jegerprøveinstruktørar, då ein ikkje fekk deltakarar på kurs i 97. Nytt kurs skal arrangerast på Sunnfjord Hotell den 21. og 22. mars 1998. Håper laget har deltakarar denne gangen!

Nokre medlemmar har utført dugnadsarbeid på Trastadalshytta i sommar. Beising, vasking, rydding, måling av golv, og listing og foring av vindauger og dør er arbeid som er gjort.

Det vert arbeid med utkast til bruksavtale og bruksreglar for Trastadalshytta, som skal godkjennast av styret i Leikanger LJF og Leikanger kommune.

NM-jegertrap og NM-leirdusesti i Førde 1999:

Det er bestemt at Førde JFL, Askvoll og Holmedal JFL og Leikanger JFL skal arrangera NM-jegertrap og NM-leirduesti på Kråkenesmarka i Førde i 1999. Kwart lag må stilla med 20-30 personar i den veka det skal pågå (veke 27-28).

Leikanger Jakt og Fiskelag
 Jaktutvalet
 Svein Inge Lundheim (sign)
 - formann -

Årsmelding frå fiskeutvalet - sesongen 97.

Det har i året som har gått, vorte arrangert den tradisjonelle "vårsprellen". Brukbar deltaking og bra verforhold var likevel ikkje nok til at det vart det heilt "store fisket". Det kan verka som om vi har nådd ei grense for kor mange som vil bli med på denne tevlinga, slik forholda er idag.

Fiskeutvalet vil difor forsøka å leggja til rette for ein klasse for båtfiske i tillegg til fiske frå land. Det krevst då ein større administrativ insats med tanke på registrering og veging, premiering og ikkje minst sikkerheita rundt eit slikt arrangement.

Fiskekonkuransen på Fjærlandseter vart det ikkje noko av i år, trass i gode fangstmeldingar frå området. Det er kanskje på tide å spørja om denne tradisjonsrike hendinga har sett sine beste dagar? Kan det vera andre typar arrangement eller kombinasjonar som vil få folk til fjells att?

Henjaelva hadde i år ein auke i fangst av laks. Samla fangst i år vart ca. 15kg mot 3.5kg ifjor. Dette er likevel so lite, og når vi veit at elva ikkje er produktiv i tillegg til at det ikkje vert drive noko form for kultivering, finn styret i LJF det naturleg å støtta forslaget frå fiskeriforvaltaren hjå Fylkesmannen om å stogge fisket etter laks og sjøaure f.o.m. 1998. Det vert, i påvente av konkrete tiltak som tek sikte på å få bestanden på fote, ikkje opna for fiske i regi av LJF før oppmoding frå Fylkesmannen føreligg. Kor tid dette kan skje er vanskeleg å seia noko om.

Det vart seld i alt 34 fiskekort, og av desse var 22 ikkje medlemar. Elva sin lagnad er stikkord for ei framtidig satsing som tek sikte på å oppgradera elva med eigen reproduksjon eller kunstig tilførsel av yngel. Ålmenta sin adgang og tilretteleggjing for handikappa er grunnleggjande verdiar som LJF legg til grunn for planane.

Vi er, utan ditt engasjement, ikkje i stand til å skapa interesse for våre aktivitetar. Eg oppfordrar herved medlemane til å piske opp stemninga ved å koma med innspel. Din idé kan bidra til entusiasme blant folk.

Leikanger Jakt- og Fiskelag
Fiskeutvalet

Jan Thore Fedje (sign.)
-formann-

"Skitt fiske i 98' sesongen".

REKNESKAPEN 1997

UTGIFTER

Gebyr	208,00	✓
Frakt	1660,00	✓ 1660,50
Kurs/møte	7705,00	✓
Kioskvarer	946,70	✓
Kjøp premiar	5765,95	✓ 5763,93
Div. utgifter	5075,50	✓
Kjøp skot/duer	33001,20	✓
Fiske	1724,87	✓
Trastadalshytta	1540,00	✓
Nyanlegg/hytte	<u>4243,50</u>	✓
	61869,22	

INNTEKTER

Renteinntekter	888,00	✓
Inntekter trening/stemne	32047,00	✓
Sponsorinntekter	4000,00	✓
Kontingentinnkreving	3120,00	✓
Kulturmidlar	9000,00	✓
Kursavgift	2610,00	✓
Deling av frakt	461,25	✓
Kreditnota	325,00	✓
Fiskekort Nedre Henjaelv	0	
Fiskekonkurranse Fjærlandsete	0	
Sjøfiskekonkurranse	<u>1365,00</u>	✓
	53816,25	

*Det mangler bilag på
innskot kr 7500,- 9/5
og kontingent, ref for NØFF,
kr 680,- 18/11.*

Eller ingen merknad

18/2-97

Perge Jetti Søren Fossum

UNDERSKOT: 8052,97

AKTIVA PR. 31.12.97:

SPAREBANKEN SOGN OG FJORDANE	44.557,75	✓
SKOT - DUER- PREMIAR M.M.	17.159,00	
BYGG ANLEGG	20.193,00	
LEIRDUEKASTAR M/UTSTYR	<u>28.277,00</u>	
SUM AKTIVA	110.186,75	

Hermansverk 09.02.98

Kjell Erik Strand
Kjell Erik Strand

ÅRSMØTE i LEIKANGER FAKT OG FISKELAG

Fjordkroa den 20. februar 1998 kl. 19³⁰ - 21⁴⁵
Det møtte 12 medlemmer

Sak 1: Godkjenning av innstilling
Godkjent uten motstand

Sak 2: Underskrivernes del møteprotokollen
Jakob Stolen og Jakob Støya vart vedt.

Sak 3: Årsmelding
Årsmeldingen fra styret vart oppleses.
Med et tillegg om at det nye anlegget i
Hemjødalen skal omfatte oppføring av
lagshytte, var årsmeldinga godkjent.
Årsmeldingene for jakt og fiskeri
var godkjente uten motstand.

Sak 5: Endring av vedtektenes.
Det formlagde forslaget til endringer
vart vedt uten motstand.

Sak 4: Rekneskap
Rekneskapet var lest opp av kasserer.
Etter korte utspjansede merknader, var
rekneskapet godkjent.

Sak 6 Val

På val

Odd Reines, nestleder

Ingen andre forslag - attol

Kjell Erik Strand

Ingen andre forslag - attol

Nils Olav Langseth - styremedlem

Ingen andre forslag - attol

Fisketutval:

Geir Inge Lundheim, formann

Ingen andre forslag - attol

Steinar Bertram, medlem

Ingen andre forslag - attol

Fiskeutval

Rune Lundheim, medlem, sept nei

forslag Jacob Holm, valt

Geir Ove Røysem, medlem

Ingen andre forslag, attol

Revisor

Inge Yttri, ingen andre forslag, attol

Valnemnd

Per Olav Hennings

ingen andre forslag, attol

Sak 7 YMSE

- Forslag om ø i medlemskontingenten fra 40kr til 50kr fra 1999.
Vedtok enstemmig.

- Orientering om lagslystta/anklag i Herjedalen
Odd Riddnes la fram beskrivningar av lags-
lytte og orienterte om planer og funderift.
- Orientering om Herjedalen i Jan Thore Todege.

Jakob Soler

Jakob Sløyve